

# Kjære elevar og foreldre på mellomtrinnet.

Velkomne til nytt skuleår ved Austebygd skule. Me gler oss til å ta fatt på eit spanande år med nye utfordringar saman med dykk. I år vil 5.-7.trinn vera mykje saman. Det vert ein del delingstimar der 7.trinn er aleine, dette vert i hovudsak i matte, norsk og engelsk. Det vil og verta nokre delingstimar innad i 5. og 6.trinn. Tema-fag, arbeidstimar, kroppsøving og symjing skal heile mellomtrinnet ha saman.

## Fagleg ansvarlege:

*Ida Greve* (ny lærar på skulen) har ansvar for kunst og handverk.

*Linn S* (kontaktlærar for 7.trinn) har ansvar for engelsk i 7.trinn, matte, samfunnsfag og symjing i 5.-7.trinn.

*Birte* (kontaktlærar for 5. og 6.trinn) har ansvar for engelsk for 5. og 6.trinn, norsk, krle, naturfag og kroppsøving i 5.-7.trinn.

*Linn Merthe* har ansvar for musikk.

*Elin* har ansvar for mat og helse for 7.trinn. I år vert det kun 7.trinn som skal ha Mat og Helse, og dette vert etter jul. Når det gjeld 5. og 6.trinn skal dei ha kunst og handverk heile skuleåret 19/20 medan neste år vil dei få mat og helse heile året.

## Utstyr på skulen:

Innesko

Kle som passer til bruk i friminutt (også når det regner).

Elevane må ta med seg gymkle og joggesko, me oppmodar og til at dei dusjar etter gymtimane.

Det vert foreldremøte 19/9-19 og me ser fram til eit godt samarbeid med dykk.

Helsing Birte og Linn S ☺

